



Arkivnr: 2014/555-2
Saksbehandlar: Lise Ådlandsvik

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--------------------|--------|------------|
| Samferdselsutvalet | | 22.01.2014 |

Delegasjon av fullmakt –Fylkestrafikksikringsutvalet sitt budsjettansvar

Samandrag

Etter delegasjonsreglementet har dei tre hovudutvala (SAMU, KURE og OPHE) i Hordaland fylkeskommune avgjerdsmynde i bestemte saker. I samband med oppretting av Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) er det trong for å delegere noko av samferdselutvalet sitt ansvar til FTU. Dette gjeld FTU sitt budsjettansvar og tildeling av den nyoppretta Trafikksikringsprisen.

Forslag til vedtak

1. Samferdselsutvalet delegerer ansvaret for å fordele og disponere midlane knytt til Fylkestrafikksikringsutvalet. Dette gjeld dei områda der FTU har budsjettansvar.
2. Samferdselsutvalet delegerer ansvaret for fylkeskommunale prisar knytt til trafikksikring til Fylkestrafikksikringsutvalet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 15.01.2014

Etter delegasjonsreglementet har dei tre hovudutvala avgjerdsmynde i bestemte saker. I samband med oppretting av Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) er det trong for å delegere noko av samferdselutvalet sitt ansvar til FTU. Dette gjeld FTU sitt budsjettansvar og tildeling av den nyoppretta Trafikksikringsprisen.

Samferdselutvalet har til no hatt ansvaret for fordeling av midlane som var knytt til Fylkestrafikksikringsrådet (FTR). I delegasjonsreglemenet heiter det mellom anna:

2. Oppgåver**b. Saker der utvala har avgjerdsmynde**

Fordeling av fylkeskommunale tilskots- og stønadsordningar som ikkje gjeld næringsføremål.

Tildeling av fylkeskommunale prisar relatert til saksområdet.

For planperioden 2010-2013 hadde FTR til rådevelde 16 mill kroner. Deler av dette var øyremarka tilskots- og stønadsordningar. Det er i den nye handlingsplanen for trafikksikring (2014-2017) lagt opp til same beløp i den nye perioden. Midlane er ein del av det totale fylkesvegbudsjettet, og vert vedteke i fylkestinget kvart år.

Ettersom det i den nye handlingsplanen for trafikksikring (2014-2017) vert lagt opp til oppretting av ein *Trafikksikringspris* på 25.000 kr kvart år, er det også trong for at denne vert ein del av FTU sitt ansvarsområde.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Fylkesrådmannen rår til at samferdselsutvalet delegerer ansvaret for å fordele og disponere midlane knytt til FTU. Dette gjeld dei områda der FTU har budsjettansvar. Etter fylkesrådmannen sitt syn følgjer dette som ein konsekvens av at det er oppretta eit FTU i Hordaland. Vidare rår fylkesrådmannen til at vedtak om oppretting av ein Trafikksikringspris så vert ansvaret for denne lagt til FTU.